

Nordsjøløypa

Natur- og kultursti / Nature- and culturepath / Natur- und Kulturpfad

N

Nordsjøløypa på Fedje er første etappe i eit planlagt tursystem langs kysten av Hordaland. Løypa er omlag 3 km lang, frå Tresneset i nord til Fyrsundet i sør, og fører deg gjennom nokre av dei flottaste terrengdekkjande myrane i Hordaland. Med suset frå sjøbøren i bakgrunnen kan du oppleva det låglendte, småkuperte lyngheilandskapet og dei nakne, reinvaska nabbane ut mot Nordsjøen, der vakre blommar klarar seg fast i bergsprekkane. Fedje har eit rikt fugleliv, og det er registrert over 200 artar her ute, omlag 40 av dei er hekkande. Langs løypa finn du fleire gode fiskeplassar både i sjø og ferskvatn. I dei siste åra har nye undersøkingar gjeve ny kunnskap om landskaphistoria på Fedje. Botnprøvar tekne i tjern på øya, viser korleis tilhøvet mellom tre, buskar, urter og lyngplanter har endra seg med tida. Fram til for 4000 år sidan vaks det ein ljøs, open lauvskog her. Skogen vart gradvis borte i løpet av dei neste to tusenåra, medan myrane, gras- og lyngheiane tok til å dominera landskapet. Dette er resultatet av at bondene i yngre steinalder svei av skogen for å gje plass til beiteland. Det er dette som har skapt lyngheiane og dei to-meter tjukke myrane som i dag dekkjer sentrale deler av øya. Det opne landskapet kring oss, er eit landskap skapt av menneske.

GB

The North Sea Trail on Fedje is the first stage of a planned hiking system along the coast of Hordaland. The trail is about 3 km long, and runs from Tresneset in the north to Fyrsundet in the south, leading you through some of the finest carpet bogs in the county. With the murmuring of the waves in the background, you can enjoy the layered, hummocky bog landscape and the naked slabs lining the North Sea, where beautiful flowers cling to the cracks in the rocks. Fedje has a rich birdlife, and more than 200 species have been registered out here, of which 40 are nesting. Along the route are several good fishing-spots, both sea-fishing and freshwater. In recent years, fresh studies have provided new information about the landscape history of Fedje. Samples taken from the bottom of the island's tarns show how the relationship between trees, bushes, herbs and heather has changed over time. Up to 4,000 years ago there was a light, open forest here. In the course of the next two millennia the forest gradually disappeared, while the herbs and heather spread. This was a consequence of the burning of the forest by Neolithic farmers to make room for pastureland. This changed the patterns of evaporation from the landscape surface, thus creating the heathlands and the two metre deep bogs that now cover the central portions of the island. The open landscape around us is man-made.

D

Die Nordseeleipe auf Fedje ist die erste Etappe in einem geplanten Netz von Wanderwegen an der Küste der Region Hordaland. Dieser Wanderpfad ist etwa 3 km lang und führt von Tresneset im Norden bis Fyrsundet im Süden. Wanderer erleben auf diesem Weg eine der schönsten flächendeckenden Mooregebiete in Hordaland. Mit den rauschenden Wellen im Hintergrund können Sie die relativ flache, von Hügeln durchzogene Heidelandschaft und die nackten, glatte-waschenen Felsen am Rande der Nordsee genießen, in dessen Furchen und Spalten sich wunderschöne Blumen festklammern. Fedje hat eine reiche Vogelwelt; hier draußen wurden bisher etwa 200 Arten registriert, von denen rund 40 auch hier brüten. Links und rechts der Nordseeleipe finden Sie an der See und in den Binnengewässern mehrere sehr gute Angelplätze. In den letzten Jahren hat man durch geologische Forschungen neue Kenntnisse über die Landschaftsgeschichte von Fedje erhalten. Bodenproben aus Tümpeln auf der Insel zeigen, wie sich das Verhältnis zwischen Bäumen, Büschen, Kräutern und Heidepflanzen im Laufe der Zeit änderte. Bis vor 4000 Jahren wuchs hier draußen ein lichter Wald. Im Laufe der nächsten zwei Jahrtausende verschwand der Wald nach und nach, während Gräser und Heide sich weiter ausbreiteten. Dies kann mit dem Abbrennen des Waldes durch die Bauern in der jüngeren Steinzeit erklärt werden, die auf diese Weise neues Weideland gewannen, und änderten die Verdunstung von der Erdoberfläche. So entstanden die Heidegebiete und die zwei Meter dicken Moore, die heute zentrale Teile der Insel bedecken. Die offene Landschaft um uns herum ist eine von Menschen geschaffene Landschaft.

Turen langs løypa

Går du Nordsjøløypa sørover frå Tresneset (sjå kart), bor du ta med deg både fiskestang og kaffikjøl. Ein flora og ei fuglebok kan og vere kjekt å ha for handa. For sjølv om naturen er karrig, gjev han levekår for mange vakre planter og fuglar som trivst i nærleiken av sjøen. Løypa tar deg gjennom tidlegare slåtte- og beitemark. Nedsigne steinflorar vitnar om at utmarka var ein viktig ressurs heilt fram til 1960-åra. Her hadde dei beite for sau og kyr, henta høyt til vinterfôr og spadde torv som dei tørka og hadde til brensel.

I krysset kan du gå austover mot Brørevatna, eller sørover mot Fyrsundet. Løypa mot Brørevatna er omlag 2 km lang, og 2,2 km på asfaltert veg attende til utgangspunktet. Mot Brørevatna går stigen gjennom myr som er grofta og tilplanta med furu, gran og lerk. Langsmed stigen er det sett ut bord og benkar, og i Brørevatna kan ein fiska aure og bekkeroye. Storatnet er drikkevatt og det er ikkje tillate å bada og fiska her.

Løypa mot Fyrsundet, heilt sør på øya, er 3 km lang. Først kjem du til Langevatnet. Her er det høve til å bada og fiska. På veg mot Opejærhaugen (varden) i vest, har du Nordsjøen rett framfor deg. Vender du deg innover mot fastlandet, vil du tydeleg sjå korleis den låge kyststripa gradvis endrar seg mot dei stigande fjella innafør. Her får du og eit skikkeleg inntrykk av lyngheilandskapet; låglendt og småkupert, dekt av røsslyng og gras.


I Storemarka finn vi ein av dei austlegaste terrengdekkjande myrer i Europa; ein myrtype som strekkjer seg over flatmark, hoggedrag og bakkar. Denne myrtypen blir danna i nedbørsrike område som har vore skoglause i fleire tusenår. Den terrengdekkjande myra gjer at både landskapet og fuglelivet i delar av Storemarka (835 dekar) er freda.



Ved Aurihopen kan du fiska og bada i sjø eller ferskvatn. Vika ligg lunt til mot nordavinden, og rekveden kan gje brensel til kaffikoking og grilling. Sjøbøren ligg som ein jamn dur i bakgrunnen, og berga er reinvaska av det evige sjodraget. Mellom Aurihopen og Fyrsundet går stigen atmed ein flott steingard (ømmepla på kart). På vestsida her var det beiteland for fyrvaktaren sine kyr og sauer. Staten v/ fyrkommisjonen kjøpte området i 1855 og var byggherre for denne steingarden. Området vert omtala Brissack-området etter PETER BRISSACK, som var fyrvaktar her i åra 1855-1862.

Eit menneskeskapt landskap


For nokre år sidan gjennomførte botanikarar frå Universitetet i Bergen undersøkingar for å få meir kunnskap om landskaphistoria på Fedje. Diagrammet viser korleis tilhøvet mellom tre, buskar, urter og lyngplanter har endra seg med tida. Fram til for 4000 år sidan vaks det ein ljøs, open lauvskog rundt tjernet, men gjennom dei neste to tusenåra vart denne skogen gradvis borte, medan forekomsten av urter og lyng auka tilsvarende. Samstundes finn vi auka avsetnad av trekolstøv; eit resultat av stadige brannar. Steinalderbondene svei av skogen for å gje plass til beiteland. 2000 år seinare ser vi ny nedgang i trekurva. Då er Fedje omdanna til det lyngheilandskapet vi ser i dag. Slik endra steinalderbondene fordampinga frå landskaps-overflata då dei rydda skogen, og starta ein prosess som skapte dei store terrengdekkjande myrane. Gjennom dei 4000 åra som har gått har myrane fått vekse utover



landskapet som eit teppe. Steinalderfolket la såleis grunnlaget for den vildkjende «steintorva» på Fedje, som vart eit viktig energikjelde og som førde til betydeleg næringsverksemd tidlegare i vårt hundreår.

Teikninga til høgre syner skilnaden mellom fordampinga frå eit skogleidd landskap og eit myrlandskap. Store mengder vatn fordampar gjennom bladverket. Etter at bondene har rydda skogen, vert fordampinga frå landskaps-overflata lita, med kraftig myrdomning som resultat.

På Fedje vart torva nytta til bakeri-ommar, bustadhus og båt drivstoff. Gjennomsnittleg gjekk det 300 hektoliter torv til kvart bruk. Det vart teke torv heilt fram til 1950-åra. Då kom det elektrisk straum på Fedje. Ein båtlast torv var omlag 30 kiper. På biletet ser vi PEDER NILSEN i torvbåten i 1935.



I torvonna tok heile familien del. Torva vart teken ut i april eller mai; spadd opp frå lange snitt som kunne vera fleire meter djupe. Oftast vart ho teken opp i flate skiver og tørka på myrflaten. På seinsommaren var torva oflutt tørr nok til å frakstast til torvhuset i båt. Den tørre torva vart sidan bore til bustaden i kiper og nytta som brensel. Foto: Ved Lønnveggen kring 1944.



I 1875 vart Fedje selt til Fedje torvkompani for 14.000 Spd. Ved Stormark på sorsida av øya, på dei store torvmyrane, byrja så kompaniet å ta torv. Ved den vesle havna vart det bygd eit stort lagerhus for torv, og det gjekk skinnegang frå dette og oppover til torvmyrane. Under første verdskrigen var her stordrift.

Krigen hadde gjort at tilførselen av kol var usikker. Sleppebåtar kom frå Bergen med lastepannar. I mellomkrigstida vart det stilt spørsmål ved denne enorme rovdrifta på ressursane, m.a. ville brukarane på øya sjå seg at dei hadde nok brensel. Rundt 1920 vart det slutt på kommersiell torvdrift, men øybuane tok framleis torv til eige bruk.



Røsslyng 3500 år gammel flintdolok funne på Måsholmen i Husavatnet.



Plante- og dyreliv

Berggrunnen på Fedje er sett saman av næringsfattig gneis. Det tynne jordsmonnet gjer at det er mykje bart fjell i dagen. I Storemarka er det ein del torv og myr, og sør på Æskjæret er det havavsetningar. Plantelivet er prega av næringsstilhova i berggrunnen, vinden og nærleiken til havet. Fleire av strandberga er kledde med lav og vakre blommar som strandnellik, bergknapp, flekkmariland og kystmyrklegg. Myrull, starr og gras, blommande klokkeling og røsslyng gjer lyngheiane om til varmfarga teppe. Til vern mot vinden er det planta felt med lerk, gran og furu.

Fedje ligg isolert til. Difor er det ikkje mange pattedyr her. Hjorten kjem av og til symjande over fjorden. Villminken trivst godt, og her finst også villkanin og hare. Det milde og vindfulle klimaet ved havet gjev gode vilkår for eit rikt fugleliv heile året. Her er det omlag 40 hekkande artar, men det er registrert over 200 fugleartar her ute. Dei fleste er observerte under trekket om våren og hausten, då dei nyttar Fedje til kvile- og rasteplass. Hekkefuglane brukar den yste stripa av øyar langs kysten som peileisor på vegen nord- og sørover. Havet og gruntvassområda gjev næring til sjøfuglar og vadefuglar. Det småkuperte lyngheilandskapet, iblanda beitemark, plantefelt, myrar og små vatn gir fuglane tilgang på mat og kvileplassar. And og gås beitar på vassplanter, gras og urter. Dei mange småfuglane har insekt eller plantefrø som føde.



Måsefuglane er i fleirtal. Fiskemåse, sildemåse, gråmåse og svartbak byrjar hekkesesongen tidleg på våren. I mai kjem ternene attende frå sørlegare strom, med grasios flyging og iltre skrik.

I marka er grågåsflokkene aukande, og på sjøen duvar ærfuglane. Toppskarv, teist, havhest og havsule må du gjerne litt utover på sjøen for å sjå. Myrar, vatn og grunnvassområde er tilhaldstad

Hellisøy fyr

Hellisøy fyr er eit ruvande og velkjend landemerke mot horisonten, der det ligg på ei lita øy i sør mot Fyrsundet. Fyret vart tent i oktober 1855, og har sidan vore ein viktig vegvisar for dei sjøfarande. Det runde støypejernstårnet har ei høg på 33 m og ei lyshøg på 46 m over hogvatn. Teknikken med å bygga fyr i støypejern vart henta frå Storbritannia i byrjinga av 1850-åra. På Helligsøy vart det òg bygd bustadhus for fyrvaktaren og familien hans, og til «fyrkarlen», men denne bygningen brann ned i 1902. Året etter vart det oppført to nye hus, eit til fyrvaktaren og eit til fyrvaktarasistenten. I 1954 vart fyret elektrifisert, og fullstendig automatisert i 1989. Helligsøy fyr er freda som ein del av Riksantikvarens sin verneplan for norske fyr. Fyret er ope for turistar som sommaren, og panoramasynet frå tårnet er einestående.



Originalteikning av Helligsøy fyr frå 1852. (Kystdirektoratet)

for **Allemannsretten gjeld i utmark. Der kan du:**

- Ferdast fritt til fots og på ski
- Rasta og overnatta
- Ri eller sykla på stigar og vegar
- Bada, padla, ro og bruke seglbåt
- Plukka bær, sopp og blommar
- Fiska fritt etter saltvassfisk

Tekst og redaksjon: Hordaland fylkeskommune, Kulturlandskapsenteret og Fedje kommune. Kjelde: «Kulturhistorisk vegvisar», Fedje. Grafisk formgeving: Geir Goosen. Kart og diagram: Sverre Mo. Delle: Bergen Museum. Foto: Leif Stavdahl, Mailhaugen. Teikningar: Kjersti Hjeltnesland. Produksjon: Artie Reklamebyrå, Bergen.



VIS RESPEKT OG OMTANKE FOR VERDIANE I LANDSKAPET. VÅR FELLESE NATUR- OG KULTURARV. HELLISØY FYR ER EIT FREDA KULTURMINNE. J.F.R. «LOV OM KULTURMINNER» HORDALAND FYLKESKOMMUNE OG FEDJE KOMMUNE.